



MANGERKULTUREN

Funna som flyttar norsk båthistorie



Ei rekkje funn av båtdelar, verkty og bygningsrestar ved Nesvågen, Manger i Radøy kommune, dokumenterer ein samanhengande kultur frå kring år 0 til kring år 700. Samstundes gjer funna at historia må skrivast om når det gjeld båtar i Noreg.

«Hovdingkeipen» (over) er eit av klenodia som er kome for dagen. Keipen er nytta som motiv for Radøy sitt kommunevåpen – ei påminning om at folket her har «slekt» gjennom tusenåra.